



SPAR-flagg ved fyret på Skorpo.

**Denne veka har SPAR sin årlege internasjonale kongress i Bergen. Dette er den 61. kongressen i rekkja. Norges beste Spar-butikk, SPAR Uskedalen, er sjølvsgatt representert på kongressen. Dagleg leiar, Bente Nilsen, er ikkje berre deltakar, men ho har også halde føredrag for dei 300 kongressdeltakarane frå inn- og utland.**

Bente Nilsen snakka mellom ännu om gode haldningar og kundebehandling i føredraget sitt. I tillegg viste ho også ein videosnutt frå butikken. Denne har vore svært populær og har vorte mykje vist på facebook siste veka.

Torsdag forflytta kongressdeltakarane seg frå Bergen til Hotel Ullensvang. Rødne sytte for båttransporten, og då dei passerte Skorpegavelen inn fjorden, vart dei helsa med SPAR-flagg og vinkande medlemmer av SPAR-familien i Uskedalen.

Med 85 år gamle Willy Holgersen ved roret reiste butikkens grand old lady Hjørdis(85) og borna Kjersti, Gunn Mari og Endre til Skorpegavelen. Medan den eldre garde passa båten, hoppa dei yngre på land og plasserte fleire SPAR-flagg i nærleiken av fyret ytst på Skorpo. Frå kongreesfølgjet vart det meldt at det var godt synleg for dei, og eit populært innslag. Flagga er no nede att.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Gunn Mari Moberg